



Arbeiderpartiet



ARBEIDERPARTIET

Debattefte om Arbeiderpartiets formålsparagraf

FORMÅLSPARAGRAFEN TIL DEBATT

Dei fleste organisasjonar har i sine vedtekter eller program nedfelt kva som er formålet med organisasjonen. Slik er det også med Arbeidarpartiet. Heilt sidan stiftinga i 1887 har det stått i partiprogramma kva som er formålet med partiet vårt.

Oppsummert var formålet:

- Gjennomføra partiets program ved å:
- Skolera dyktige medlemmer og organisera arbeidarane i fag- og arbeidarforeiningar
- Driva opplysning om det dåverande system sin «fordervelighet».
- Ved val til storting og kommunestyre berre stemma inn kandidatar som vil arbeida for gjennomføring av partiets program.

Vi ville ikkje ha skrive formålsparagrafen slik i dag. Denne paragrafen seier ingenting om kva partiet er til for, bortsett frå å gjennomføra partiets program. Derimot står det om kva som skal til for å få gjennomført programmet. Omgjort til dagens språkbruk, er punkta i paragrafen ganske så opplagte. Vi skal skolera medlemmer, vi vil at arbeidarane skal vera fagorganiserte, vi skal driva opplysning og informasjon om samfunnets svake sider og vi skal sørge for at dei som

blir nominerte frå partiet skal følgja det program dei blir valde inn på.

Partiet vårt blei til i ei heilt annan tid med store klasseskilje. Grunnlaget for partiet blei til gjennom å skapa opprør mot det bestående. Vi var dåtidens protestrørse mot urett, utbytting og det ein kalla for samfunnssystemets «fordervelighet». I 1891 sto det i innleiinga til Det norske Arbeiderpartis program blant anna:

«Det norske Arbeiderparti, som har sat seg arbeiderklassens befrielse som mål, tilstreber derfor arbeidsmidlenes overgang til samfunnets felleseiendom og produksjonen forandret fra kapitalistisk til sosialistisk.»

Denne formuleringa vart til i ei tid då arbeidarklassen ikkje hadde meir enn «lenkene sine å missa». Arbeidsfolk flest hadde ikkje stemmerett, ikkje eigedomsrett, svært avgrensa rett på skulegang, ingen rett på innverknad i bedriftene og der klasseforskjellane var enorme. Kva Arbeiderpartiet hadde til hensikt sprang ut av klassesamfunnet og eit avgrensa demokrati. Derfor hadde Det norske Arbeiderparti som mål ei total omvelting av det norske samfunnet.

Ressursgruppa for verdidebatt i forbindelse med programarbeidet består av:

- Hadia Tajik (36), nestleder i Arbeiderpartiet.
- Stian Brekkvassmo (44), ordfører i Namsskogan kommune.
- Norvald Mo (66), rådgiver i Fellesforbundet, Stovner og Vestli Arbeiderpartilag
- Ingrid Tønseth Myhr (21), AUF i Innlandet.
- Ragni Løkholt Ramberg (36), advokat, Troms Arbeiderparti.

Sekretærer for utvalget er Bjørn Tore Hansen og Jorid Juliussen Nordmelan.

Formålet til Arbeidarpartiet er i dag formulert ganske annleis. Det er fordi samfunnet på svært mange måtar er grunnleggjande endra samanlikna med då Arbeidarpartiet vart danna. Og mange av utfordringane er heilt annleis og nye. Derfor må formålet til Arbeidarpartiet formulerast ganske forskjellig i 2021 enn i 1887.

Kva er eit formål?

Eit formål kan forståast som kva og kven det er ein er til for. Altså kva som er hensikta vår og kven vi skal representera. Særleg for eit politisk parti kan det vera krevjande å formulera dette, fordi det er så mykje ein kan vera til for.

Likevel vil det vera noko som er det grunnleggjande. Partiets formålsparagraf er på mange måtar kortversjonen av kva eller kvifor vi er til som politisk parti og kva dei overordna måla våre er. For Arbeidarpartiet vil det i dag vera formuleringar som at ein vil eit samfunn med små forskjellar og like muligheter for alle, eit økologisk berekraftig samfunn, eit likestilt samfunn, eit samfunn utan økonomisk utbytting osv.

I ein diskusjon om kva som skal vera formålet, kan det vera vanskeleg å skilja det frå kva som skal vera verdiane våre. Verdier flyt lett over i formål, slik det også er formulert i innleiinga til dagens formålsparagraf som vart vedteken på landsmøtet i 2000. Her står det:

«Arbeiderpartiet vil skape et rettferdig samfunn som sikrer alle menneskers likeverd. Vi bygger på verdiene frihet, likhet og solidaritet.»

Her er våre verdier bygde inn i formålsparagrafen. Men verdiane er ikkje formålet. Verdiane er det som ligg til grunn for formålet, eller det som formålet byggjer på. Dette betyr også at verdiane er noko som vil vera langt meir uforanderlege enn formålet. I programmet frå 1891 står det blant anna at «Arbeiderpartiet kjemper for like rettigheter og like plikter for alle uten hensyn til kjønn,».

Denne formuleringa må forståast som at det skal vera like rettar og plikter i samfunnet uavhengig av kjønn. Verdien bak formålet er likestilling og likeverd. Vi vil nok meina at dette er evigvarande verdier for Arbeidarpartiet – heilt uavhengig av kor kort eller langt likestillinga er komen.



Den første formålsparagrafen fekk vi i 1887. Den vart redigert så smått året etter. Deretter vart den ståande i 16 år, før den vart endra.

Den formålsparagrafen som har stått seg lengst, vart vedteken i 1939. Den vart ståande uendra fram mot 80-tallet. Dagens formålsparagraf vart vedteken på landsmøtet i 2000, og har berre gjennomgått redaksjonelle endringar dei siste 20 åra.

Ideologi byggjer på verdiar, men er noko breiare enn verdiar. Ideologien er uttrykk for tanke sett om korleis samfunnet skal vera, som igjen kan vera bygd på verdiar. Sosialdemokrati eller demokratisk sosialisme er døme på ideologiar. Det skil seg frå kommunisme og «gamaldags» sosialisme ved at samfunnet skal byggjast og styrast med bakgrunn i demokratiske val og demokratisk representasjon.

Det som er sikkert er at enten vi snakkar om verdiar eller ideologi, så må det vera grunntankar for handling. Dersom desse grunntankane ikkje er gjennomtenkte og tydelege, og ikkje blir forstått av dei som skal utforma handlingane, kan politikken fort koma på ville vegar.

Partiets arbeidsprogram, enten det er eit kommunevalprogram eller stortingsvalprogram, er noko som gjeld for ein bestemt periode (4 år). Der står det kva ein vil utretta i perioden. Ein formålsparagraf må ha eit lengre tidsperspektiv, men likevel ikkje evigvarande. Formålet må endrast og justerast i takt med samfunnsendringar og nye utfordringar.

Kva skal vi debattera som grunnlag for ein ny paragraf?

I samband med arbeidet med nytt partiprogram for 2021-2025, vert det lagt opp til ein debatt om Arbeiderpartiet sine grunnleggjande prinsipp og verdiar. Men før vi går laus på den debatten, reiser vi formålsparagrafen til debatt. Gir dagens paragraf uttrykk for kva Arbeidarpartiet er til for og for kven?

Vi har til slutt i dette heftet også våga oss på å formulera eit forslag til ny paragraf.

Kva slags type formålsparagraf?

Arbeiderpartiets formålsparagraf:

Arbeiderpartiet vil skape et rettferdig samfunn som sikrer alle menneskers likeverd. Vi bygger på verdiene frihet, likhet og solidaritet. Vi ønsker en verden uten krig og fattigdom, der frie og likestilte mennesker har innflytelse på sine livsvilkår, der menneskene lever i harmoni med naturen, og der kapitalistisk utbytting bekjempes.

Arbeiderpartiet vil videreutvikle vårt land som et demokratisk samfunn, og vi samarbeider med mennesker som kjemper for demokrati og menneskerettigheter i andre deler av verden. Arbeiderpartiet vil stimulere toleranse og mangfold og bekjempe alle former for diskriminering. Vi vil bygge på et samvirke mellom arbeid og kapital, og ut fra vårt grunnsyn vil vi utvikle folkets vilje til samfunnsansvar og samfunnsmyndighet.

For å virkeliggjøre formålet vil Arbeiderpartiet søke oppslutning i demokratiske valg. Våre sosialdemokratiske verdier skal være retningsgivende for vårt politiske arbeid.

Socialdemokratiet i Danmark sin formålsparagraf i dag:

Socialdemokratiets formål er at virke for de demokratiske, socialistiske ideers udbredelse og anerkendelse i henhold til partiets programmer og at fremme økonomiske, kulturelle og politiske interesser i overensstemmelse med idégrundlaget.



Sosialdemokraterna i Sverige sin formålsparagraf i dag:

Sosialdemokratin i Sverige är en folkrörelse på demokratins grund. Partiets politiska vision för samhällets utveckling förutsätter nära kontakt med medlemmar och väljare. Partiet ska därför vara en aktiv, modern folkrörelse med förankring i människornas vardag.

Partiet ansvarar för

- *anslutning till partiet av alla som delar de socialdemokratiska grundvärderingarna*
- *opinionsbildning för de socialdemokratiska idéerna med utgångspunkt i partiets program*
- *utveckling av socialdemokratins idéer, program och politik*
- *planering och samordning av*

valrörelser

- *samordning av socialdemokratins politiska arbete i kommuner och landsting samt inom Svenska kyrkan*
- *samordning av partiets internationella verksamhet*
- *strategisk utveckling av den facklig-politiska verksamheten*
- *val av politiskt förtroendevalda i den europeiska unionen*
- *stöd för organisations- och verksamhetsutveckling i partidistrikten*
- *strategisk planering av partiets medlemsutveckling*
- *utveckling av för partiet gemensamma system för medlemsregister och avgiftsuppbörd*


Vi ser at formålsparagrafane er formulert ganske ulikt i våre tre land.

Dei danske sosialdemokratane oppsummerer formålet sitt i éin setning. Det er å arbeida for utbreiing og anerkjenning av partiet sine idéar og program og fremme økonomiske, kulturelle og politiske interesser basert på idégrunnlaget.

Formålet for vårt svenske søsterparti er formulert som kva ansvar og oppgåver partiet har. På nokre måtar, litt omskrive, liknar det på Arbeidarpartiet sin formålsparagraf frå 1887. Nemleg å skaffa oppslutning om partiet, opinionsdanning for partiets verdiar og byggja organisasjonen.

Vår formålsparagraf har lite i seg om kva partiet er til for, men meir om kva det er vi vil med samfunnet. Ein kan seia at denne formålsparagrafen meir er ein kombinasjon av formål og handling basert på verdiane «frihet, likhet og solidaritet».

Historisk har Arbeiderpartiet hatt eit nært samarbeid med Landsorganisasjonen i Norge i over 100 år, og vi har dette samarbeidet framleis. Det er derfor naturleg for oss også å sjå på LO sin formålsparagraf.



LO omtalar i formålsparagrafen sin sitt oppdrag for det faglege arbeidet:

Landsorganisasjonen i Norge er en sammenslutning av landsomfattende faglige organisasjoner av lønnstakere som har fått sin opptakelse godkjent av Kongressen eller Representantskapet. LO skal alltid være fri og uavhengig og har som formål:

- 1. Å arbeide for at de tilsluttede forbund blir ledet etter felles retningslinjer, for på den måten, ved gjensidig solidarisk samvirke mellom forbundene og mellom medlemmene på den enkelte arbeidsplass, å skape enhet og kraft i arbeidet for å fremme og samordne lønnstakernes faglige, økonomiske, helsemessige, sosiale, forsikringsmessige og kulturelle interesser.*
- 2. Å arbeide for å sikre frihet, solidaritet og likeverd uten hensyn til kjønn, seksuell orientering, etnisk opprinnelse, religion, livssyn eller kulturelle holdninger.*

- 3. Å arbeide for et inkluderende samfunn basert på rettssikkerhet og videreutvikling av den demokratiske styreform vi har i Norge. Å bekjempe enhver form for ekstremisme, som tar sikte på å endre vår demokratiske samfunnsform.*
- 4. Å arbeide for styrking av velferdsstaten, videreutvikling av økonomisk demokrati, medbestemmelse i arbeidslivet og rettferdig fordeling av samfunnsgodene.*
- 5. Å drive opplysningsvirksomhet, å arbeide for en sterk arbeiderpresse og å sikre arbeiderbevegelsen forsamlingslokaler.*
- 6. Å arbeide for avspenning, nedrustning og fred.*
- 7. Å utvikle det internasjonale faglige samarbeidet, og å drive internasjonalt solidaritetsarbeid.*
- 8. For å nå disse mål kan Landsorganisasjonen samarbeide med nærstående organisasjoner og andre demokratiske krefter i Norge og andre land.*

Som vi ser over kan ein formålsparagraf skrivast både kort og lang. Ikkje noko av alternativa er feil. Spørsmålet er kva ein vil med formålsparagrafen. Skal det vera ein kortfatta og tydeleg paragraf som er lett å kjenna igjen og som er lett å leva etter? Eller skal den innehalda ei opplisting av det aller meste av det som Arbeidarpartiet er til for?

Spørsmålet som må reisast i ein debatt om formålsparagraf er kva Arbeidarpartiet som politisk parti i dag er til for? Kva er det vi har til hensikt å endra? Kva er målet vårt? Kor vil vi? Klarer vi å formulera det ned i ein ikkje for lang, men tydeleg formulert paragraf?

Menneska har alltid vore på søken etter betre liv og tryggare liv. Dette har langt på veg vore rettesnora for Arbeidarpartiets politikk sidan starten. Veggen har vore fagorganisering og tariffavtalar, sterk stat med gode velferdsordningar, omfordelende skattesystem og ikkje minst ein politikk for arbeid til alle som også skulle gje større økonomisk vekst. I ulik grad har vi nådd måla. Vi har likevel heile tida vore undervegs, fordi vi stadig møter nye utfordringar. Og det er vel nettopp det sosialdemokrati eller demokratisk sosialisme er. Vi tenkjer at samfunnet aldri ein dag er ved veggens ende. Vi arbeider alltid mot eit mål.

Utan tvil er det klimautfordringane som i dag opptar oss mest. Det gjeld dei som bur i fattige land, og som har meir enn nok med å sikra dei daglege behova for hus og mat. Og det gjeld oss i den rike delen av verda, som er urolege over kva framtida kan bringa.

I den gjeldande formålsparagrafen står det at «Vi ønsker en verden.....der menneskene lever i harmoni med naturen.» Det er ei fin formulering, men dekkjer den det som nok er vår tids største utfordring – nemleg klimaødeleggjande utslepp som kan ta knekken på livsgrunnlaget på jorda? Naturen er ikkje ein konstant storleik i ei verd der temperatur og havnivå stig, der is smeltar og der tyfonar og storbrannar oppstår stadig oftare. Då må det vel vera Arbeidarpartiet si hensikt å arbeida for at

dette ikkje oppstår ved å ta tak i årsakene til at naturen endrar seg slik?

Det står ingenting i formålsparagrafen om fagorganisering og tariffavtalar. Det bør vel stå at Arbeidarpartiet har som formål å fremme arbeidsfolk sine interesser?

Og det står ingenting om formålet med å sikra likeverdige levekår i by og bygd. De bør vel inn i ein formålsparagraf?

Vi har prøvd oss på eit forslag til ny formålsparagraf. Det kan nok finnast hundrevis av alternative formuleringar. Gode diskusjonar partifeller imellom vil leda oss fram til dei beste formuleringane.

Lykke til!

TEMA TIL DISKUSJON

Til formålsparagrafen:

- Bør formålsparagrafen vår vera kortare og avgrensa som danskane sin, eller lengre og utdjupande som svenskane sin?
- Bør formålsparagrafen også seia noko om prinsippa for arbeidsforma vår, altså korleis vi skal arbeida? Hvis ja - kva bør med?
- I førre prinsippprogram, av 1981, sto det å lesa at Arbeiderpartiet byggjer på «den demokratiske sosialismens prinsipper». Heilt fram til programmet som blei vedtatt 1987 var Arbeiderpartiets ideologi omtalt som «demokratisk sosialisme». Burde vi ta tilbake dette uttrykket, og ta utgangspunkt i «demokratisk sosialisme» heller enn «sosialdemokrati»? Er det ein skilnad mellom dei to omgrepa, og kva utgjør i tilfelle skilnaden?

- Drøft vårt forslag til ny formålsparagraf. Sjå det som er føreslått tatt bort og det som er føreslått lagt til. Kva meiner de? Har de forslag til alternative formuleringar?

Alle innspel kan sendast til verdier@arbeiderpartiet.no innan 10. juni. Alt blir lest og systematisert i høve arbeidet med prinsippdelen av partiprogrammet for 2021-25.

Du og partilaget ditt kan óg diskutera dilemmasporsmål, og senda dine innspel om dette til same adresse.

Dilemmasporsmåla finn de på Mitt Arbeiderparti. Der finn de óg informasjon om korleis de kan henta fram ein Kahoot med spørsmål om Arbeiderpartiet si historie og verdier, som du kan spela saman med vener.

«Vi har ingen fasit på kva som er best for enkeltmennesker. Det fins derimot ein fasit på kva for samfunnsmodeller som hemmer eller fremmer muligheiter og fridom. Det er dei som bygger ned sosiale og økonomiske forskjeller»

– Hadia Tajik (2012)



FORSLAG TIL NY FORMÅLSPARAGRAF:

Arbeiderpartiets formålsparagraf:

Arbeiderpartiet vil skape et sosialdemokratisk samfunn som er rettferdig for alle og har små økonomiske forskjeller mellom folk.

Vi vil at menneskene skal være frie og likestilte og skal kunne bestemme over sitt eget liv, **uavhengig av kjønn, klasse, utdanning, bosted og økonomi.** (1)

Arbeidet vårt bygger på verdiene frihet, likhet og solidaritet.

Jordas tåleevne er en absolutt ramme for vår politikk. **Økonomisk vekst må skje innenfor denne rammen.** Dissens: Økonomisk vekst må begrenses av denne rammen. (Ragni/ Ingrid) (2)

Vi vil ha et samfunn der så mange som mulig er fagorganisert. Fagorganisering og bedriftsdemokrati skal bidra til fordeling av makt og innflytelse i arbeidsliv og sikre rettferdig fordeling av verdiskapingen. (3)

Vi kjemper mot kapitalistisk utbytting av mennesker og natur.

Vi vil ha en verden uten krig og fattigdom der urettferdighet og undertrykkelse bekjempes. Vi vil samarbeide med mennesker som kjemper for demokrati og menneskerettigheter, **og arbeide for forpliktende internasjonalt samarbeid.** (4)

Våre politikere og tillitsvalgte skal til sammen være representative for det samfunnet vi søker å styre. (5)

For å virkeliggjøre formålet vil Arbeiderpartiet søke oppslutning i demokratiske valg. Våre sosialdemokratiske verdier skal være retningsgivende for vårt politiske og **organisatoriske** arbeid. (6)

KOMMENTARER:

Vi ønsker å understreke at Arbeiderpartiet er til for alle, uavhengig av bakgrunn, og ønsker et samfunn hvor alle skal ha den samme muligheten til å lykkes i livet. (1)

Flertallet (Hadia Tajik, Norvald Mo, Stian Brekkvassmo) mener at økonomisk vekst er et virkemiddel for å kunne sikre en rettferdig omstilling nå og i fremtiden. I dag handler den rettferdige omstillingen om å få til vekst som lar oss møte klimaendringene uten at folk mister jobben eller at jorda og menneskers livsgrunnlag ødelegges.

Mindretallet (Ragni Løkholm Ramberg og Ingrid Tønseth Myhr) mener at det må synliggjøres at vi ikke kan ha ubegrenset økonomisk vekst, men at denne må være både annerledes og lavere enn tidligere. (2)

Arbeiderpartiet har alltid jobbet for et ryddig, trygt og organisert arbeidsliv. En sterk fagbevegelse bidrar til et mer rettferdig samfunn, gir høyere produktivitet, kompetente arbeidstakere og fleksibilitet i økonomiske nedgangstider.

Vi ønsker derfor å ha inn fagorganisering i formålsparagrafen. (3)

I en polariserende tid er det viktig å sikre og å arbeide for internasjonalt samarbeid som forplikter og bidrar til en bedre og mer rettferdig verden. Norge er også avhengig av samarbeid med andre land for å lykkes. Om det dreier seg om fattigdom, demokrati, sikkerhet, økonomi, klima eller andre områder, vil Arbeiderpartiet gå foran og vise vei i det internasjonale arbeidet. (4)

Arbeiderpartiet har alltid vært partiet av og for folk, nært vanlige folks liv og utfordringer. Den viktigste årsaken til det er at våre medlemmer, folkevalgte og tillitsvalgte har alle slags bakgrunner og erfaringer. Det er en styrke ingen andre partier kan påberope seg. Vi ønsker å stadfeste viktigheten av å være et bredt og representativt folkeparti ved at våre politikere og tillitsvalgte til sammen skal være representative for samfunnet. Er det store grupper i samfunnet som er underrepresentert blant våre politikere og tillitsvalgte må vi jobbe aktivt med å øke representasjonen. (5)

I den nåværende formålsparagrafen er ikke det organisatoriske arbeidet nevnt. Å legge til at verdiene våre er retningsgivende også for det organisatoriske arbeidet, selv om det i dag kanskje er implisitt, mener vi er en god måte å understreke at uansett hva vi gjør, så er det verdiene våre som ligger til grunn. I tillegg løftes viktigheten av organisasjonsarbeidet. (6)

